

# BJØRNEHJØRNETANN

**Tema:** Brunbjørnen

**Aldersgruppe:** førskulebarn i barnehage

**Tidsbruk:** omlag 1 klokke


**Pris:** barnehage kr 30 pr. påmeldt barn

## Brunbjørnen:

- I 2009 fekk museet ein stor brunbjørn. Han var felt i Lierne i Nord-Trøndelag. Bjørnen, ein 4 år gammal hannbjørn på 200 kg, vart utstoppa og står på "alle fire" i museumslokala. Han er ein flott kar!
- På 1800-talet var tyngda av den vestlandske bjørnestammen nettopp her vi bur. I dag er her ingen. Vi vil gi barna kunnskap om korleis bjørnen lever. Dette gjer det lettare for dei å forstå naturhistoria også, at naturen er i endring meir eller mindre under menneskeleg påverknad.
- Lokale stadnamn: Kanskje har skulen/barnehagen ein stad som heiter Bjønnastien eller Bjønnahiet i nærleiken?

## Om opplegget:

- I verkstaden:
  - støyping av bjørnehjørnetann i gips (maks 20 barn)
- I museet:
  - barna får sitte nær bjørnen og studere han og klappe forsiktig. Tenk at det for lenge, lenge sidan var det mange slike her.
  - vi studerer brunbjørnen og finn ut gjennom samtale og lydopptak korleis han lever i naturen i ulike årstider (mat, pels, lydar, vintersøvn, ungepleie m.m.).
  - kor stor er egentleg ein bjørnunge?
  - eventyr om bjørnen.
- I verkstaden igjen:
  - ta forsiktig tennene ut av formene. Skrive initialer på. Dei vaksne passar på tennene til dagen etter, slik at dei får herde skikkeleg før dei tek dei med heim.



Sykkylven Naturmuseum

**Mål for opplegget:**

- Lære om korleis brunbjørnen lever gjennom dei ulike årstidene, og korleis han er tilpassa dette både som liten og stor.
- Sidan her ikkje er bjørn lenger - bli bevisst på lokale gamle "spor" etter bjørnen (kulturminne og stadnamn).
- Høyre om bjørnen (bamsen) i eventyret.

**Våren 2017 vert opplegget gjennomført i  
veke 12 og 13.**

**Kontaktinformasjon:**

Telefon: 97045640, Magnhild Vatne

E-post: [magnhild@sunmore.museum.no](mailto:magnhild@sunmore.museum.no)

**Velkomen til «bjørnehjørnetann»!**